



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3629 - 17/35957

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
20.12.2017

Søknad om dispensasjon for oppføring av tilbygg til uttale - gbnr 177/37 Nesse


Tiltak: tilbygg
Byggjestad: Gbnr: 177/37 Nesse
Tiltakshavar: Jan Erik og Gunnveig Spurkeland
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Tiltaket

Søknaden gjeld tilbygg til bustad, samanbygging med garasje og påbygg. Bygd areal (BYA) på eigdommen i dag er oppgjeve til 225 m² og nytt BYA 47m², slik at samla BYA vert 272 m². Bruksarealet (BRA) er i dag ca 220 m², nytt BRA er 140 m² og samla BRA vert 360 m². Arbeidet går ut på å utvida og tilrettelegga ein bustad som i utgangspunktet var lite tilgjengeleg. Eit tilbygg (carport) og ny tilkomst til hovudetasjen vart godkjent i 2013. No er det søkt om ein ny opphaldsdel i hovudetasjen (over eksisterande garasje og nytt mellombygg) med tilkomst til resten av etasjen og eigen utgang til det fri. Det er ikkje søkt om ny bueining for dette tilbygget/påbygget. Det er vist som del av eksisterande bueining. I tillegg omfattar i søknaden utvendig bod på 11 m², og ei mindre utviding av balkong.

Planstatus

Bustadeigdommen ligg i LNF-område og i strandsona (60 m frå sjø). Saka må difor handsamast som dispensasjon frå arealføremålet i kommunedelplanen forbodet mot bygging i 100-metersbeltet.



VURDERING

Dispensasjonssøknaden er vedlagt

og grunngjeveven mellom anna med familien sine spesielle behov.

Når kommunen gjev dispensasjon frå LNF-føremålet for eksisterande bustadeigedommar er retningslinjene at BYA ikkje bør overstiga 20%, at samla BRA ikkje bør overstiga 400 m², og gesimshøgde ikkje bør vera over 6,0 m. Gesimshøgda i søknaden er 6,4 m for å få same takvinkel som på opprinneleg bygg. Det ligg ein veg og eit hus mellom tomta og sjøen. Tiltaket vil ikkje berøra strandsona i nemnande grad.

Sjølv om BRA og gesimshøgde er litt over grensene i retningslinjene for dispensasjon i kommuneplanen, vurderer administrasjonen å tilrå godkjenning av søknaden når den kjem opp til politisk handsaming.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Byggesøknads teginger
Situasjons plan
Dispensasjonssøknad
Følgjeskriv

Kopi til:

Kopi til:

Gunnveig Irene Spurkeland	Seimsstranda 565	5912	SEIM
Jan Eirik Spurkeland	Seimsstranda 565	5912	SEIM
Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
--------------------------	---------------	------	--------